

Midtre Holsnøy Grunneigarlag
v/Bjarte Skintveit
Steinberget
5917 Rossland

Knarvik 15.03.10


SAK FRÅ MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Viser til brev 28.09.09 frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag til kontrollutvalet i Meland kommune.

Kontrollutvalet i Meland handsama saka i møte 15.03.10. Saksutgreiinga og vedtaket til kontrollutvalet er lagt ved.

Dette til orientering.

Med vennleg helsing


Bent Gunnar Næss
Sekretariatsleiar

**04/10 Oppfølging av sak 34/09 og 43/09 - Brev frå
Midtre Holsnøy Grunneigarlag 28.09.09**

Sakstilfang: Brev frå rådmann 19.02.10 med vedlegg, samt tidlegare dokumentasjon som er delt ut i tidlegare møte

Innleiing

Kontrollutvalet fekk eit brev i frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag (Grunneigarlaget) 10.06.09, der dei var uroa over ei saksbehandling i kommunen. Saka gjaldt ein vassleidning som er lagt ned i Rylandsvassdraget, ved utløpet. Det er NVE som gir konsesjon, men kommunestyret har gitt ein uttale om korleis dei ønskjer at leidningen skal leggest i sak 115/99 og det er følgt opp i sak 090/07. Det er sakshandsaminga i forhold til dette vedtaket som grunneigarlaget er uroa over.

Kontrollutvalet gjer 04.09.09 i sak 24/09 følgjande vedtak:

"Kontrollutvalet vedtok å avvise saka fordi Meland kommune ikkje er part i klagen. Saka ligg til handsaming i Olje og Energidepartementet og NVE er klageorgan."

Grunneigarlaget klager på kontrollutvalet sitt vedtak i brev 28.09.09. Kontrollutvalet gjer følgjande vedtak 23.10.09 i sak 34/09:

"Kontrollutvalet vedtok å sende over saka til administrasjon og ber om å få ein uttale før ein tek saka opp til handsaming."

Administrasjon kjem med sin uttale i brev 19.02.10.

Fakta

Salar Bruk AS fikk i 2001 konsesjon av NVE til å legge ein inntaksleidning for produksjonsvatn. Til konsesjon var der knytta ein del krav, mellom anna at leidningen skulle sprengjast /gravast ned i elveløpet slik at den ikkje vert synleg (pkt 8). Dette var også eit av dei krava kommunestyret stilte i sitt vedtak 15.11.99 då dei gav uttale til konsesjonssøknaden;

"1. Den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i elveløpet slik at den ikkje vert synleg frå land."

Etter at leidningen var lagt kom, det klager på at den ikkje var lagt i tråd med konsesjonsvilkåra, om at den ikkje skulle vere synleg. Komite for kommunalteknikk – miljø og landbruk tok saka opp til handsaming 25.09.07. Dei hadde synfaring og konkluderte med at leidningen ikkje var lagt slik at den var skjult. Kommunestyret slutta seg til forslaget til vedtak frå komiteen mot ei stemme. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak 10.10.07;

KS-090/07 VEDTAK (MOT 1 RØYST):

”Meland kommunestyre syner til sitt vedtak i møte 15.11.99, - uttale til søknad frå Salar Smolt AS om konsesjon for produksjon av settefisk.

Eitt av vilkåra Meland kommune sette for å tilrå konsesjon var at den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i utløpet slik at den ikkje vert synleg frå land.

Leidningen vart lagt ned i 2006.

Etter dette har både Midtre Holsnøy grunneigarlag og andre innbyggjarar i kommunen meldt frå om at leidningen ikkje er lagt slik det er sagt i konsesjonen.

Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk har 25. september 2007 vore på synfaring og konstaterer at leidningen ikkje er lagt slik at den er skjult. Den er tvert i mot godt synleg enkelte stader, og er såleis både skjemmande og til hinder for aktivitetar som fiske. Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag som er mykje brukt som rekreasjonsområde.

Meland kommunestyre ber NVE syte for at leidningen vert lagt i tråd med vilkåra gjeve i konsesjon av september 2001.”

Den 31.05.05 skriv dåverande ordførar under på ein avtale som gir Salar Smolt AS rett til å legge ein inntaksleidning over kommunen sin eigedom i det aktuelle område. Det står mellom anna følgjande i avtalen:

Meland kommune gir med dette Salar smolt AS løyve til å leggja inntaksrøyr over vår eigedom 43/9 på Ryland , i samsvar med teikningar frå Norconsult, motteke kommunen 22/3-05.

Løyve gjeld også utviding av elvebotn ved eigedom 43/35 og 43/45.

Når det gjeld deponering av massar langs elva på 43/9, skal massane deponerast på ein slik måte at naturen ikkje vert øydelagt.

Meland kommune skal godkjenne tilstelinga av massedeponeringa etter at arbeidet er gjort.

Grunneigarlaget klaga i brev 06.06.07 til Olje- og energidepartementet på at leidningen ikkje er lagt slik konsesjonen seier. I brev frå NVE til OED 17.03.09 vert Grunneigarlaget merksam på følgjande:

Det går fram av konsesjonæren sin dokumentasjon at det ligg føre erklæring frå alle grunneigarar som er direkte berørt av arealbruk knytt til legging av den aktuelle vassleidningen til settefiskanlegget. Desse grunneigarane presiserer at dei ikkje har merknader til måten leidningen er lagt ned på og at dei ikkje er partar i klagesaka. NVE ber om at departementet tek stilling til om denne dokumentasjonen frå konsesjonæren kan ha noko å seie for Midtre Holsnøy grunneigarlag sin partsinteresse i klagesaka.

Ein av grunneigarane som har underteina er Meland kommune. I erklæringa som kommunen i januar 2009 har signert på står det følgjande;